

## Trafikksituasjonen ved Knarvik barneskule

FAU har mottatt fleire tilbakemeldingar om farlege trafikksituasjonar ved Knarvik barneskule. Dette særleg om morgenane, ved kryssing av vegen i og i nærleiken av vendesløyfa utanfor skulen. I vendesløyfa er det ikkje tillate å parkere. Til tross for dette er det fleire som parkerer langs vegen i vendesløyfa. Dette resulterer i at det er vanskeleg og uoversiktleg i eit allereie pressa område. No når det i tillegg vert mørkare om morgenane skjer det lett farlege situasjonar.

Vidare har vi mottatt fleire tilbakemeldingar frå bekymra føresette som fortel at lærarar ved Knarvik vidaregåande skule kører inn på gangfelt mellom knarvik barneskule og Knarvik vidaregåande skule om morgenon for å parkere.

Lindås kommune er ansvarleg for at borna våre har ein trygg og sikker skuleveg. Per i dag er ikkje situasjonen tilfredsstillande.

FAU forventar at Lindås kommune tar grep om situasjonen. Vi ber om mulig at det vært iverksett tiltak som skilting ved parkeringsplassen i nærleiken av vendesløyfa som tilseier at det ikkje er tillatt å parkere i meir enn 30 min. Dette kan gjere det enklare for føresette å finne parkeringsplass dersom born skal følgjast inn på skulen, og kan avhjelpe behovet for å parkere i vendesløyfa.

Tiltak FAU har sett i verk per dags dato:

- Sendt brev til føresette ved skulen som forklrarar at trafikk situasjonen ikkje er tilfredstillande og tiltak vi forventar av føresette
- Oppmoda Knarvik barneskule om å kontakte vidaregåande skule for å minna tilsette og elevar på at dei må visa omsyn
- Kontakta politiet for om mogleg å få politiet til å vere synleg i trafikkbiletet om morgenon
- Starta refleksaksjon for å få fleire elevar synlege i trafikkilde

Helsing FAU ved Knarvik barneskule